

# ÅRSMELDING til årsmøtet 9. mars 2020

Sak 3

Tillitsvalde etter årsmøtet 11.03.2019 har vore:

Leiar Reidun Ramse Sørensen

Skrivar Reidun Ramse Sørensen

Nestleiar Mari Svenbalrud

Kasserar Einar Raastad, fritatt for andre styreoppgåver

Styremedlem Torill Nedberge Klevmark

1. vara Gunvor Kjendlie

2. vara Vemund Viken

Ettersynsmann Helge Midttun

Valnemnd Ole Gunnar Monsen og Arnfinn Nilsen

11. mars 2019 hadde vi årsmøte på Harestua gamle skole. Styret har hatt 8 styremøte og handsama 109 saker i 2019.

Reidun, Mari og Vemund er administratorar på FB-sida Hadeland dialekt- og mållag.

Grethe Bøe administrerar nettsida <https://hadeland-dml.no/>

**Styret** har m.a. arbeidd med:

- Plakett som viser rett dødsdato ved bautasteinen over A.O. Vinje
- Høyringsvar om forslag til ny stadnamnlov
- Kulturpolitikken i Lunner kommune
- Kulturpolitikken i Gran kommune
- Samarbeid med Randsfjordmuseene om eit prosjekt der rørslesensorar skal setje i gong «samtalar» på dialekt i husa på museet.

**Styringsgruppa for Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland** er sett saman av Ellinor Kolstad, Arnfinn Nilsen og Reidun Sørensen frå Hdml, Audun Vinger og Bitten Nesbakken.

**Prosjektgruppa for seminaret *Vinje i ei ny tid*** (april 2020), er sett saman av Torill Nedberge Klevmark (leiar), Kari Røken Alm og Reidun R. Sørensen. Vi starta arbeidet i mars 2019.

## Arrangement

31. mai og 1. juni: *Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland*

17. mai: Minnehøgtid over Vinje. Anne T. Romtveit heldt tale og Mannskoret KK song.

22. mai: Ope møte om forslag til ny læreplan i norsk, med foredrag av Ingrid Jacobsen.

Dialektprisen for 2019 vart gitt til Øyvind Kvernkvold Myhre, og Else Randi Kvåle vart utnemnd til æresmedlem.

## Representasjon

- 26.-27. januar deltok Torill og Reidun på Austmannalaget sitt seminar i Lillehammer
- Reidun og Mari var utsendingar på årsmøtet i Austmannalaget 30. mars på Granavollen, der vi var teknisk arrangør. Torill og Gerd Nyland deltok som observatørar. Gerd Nyland fekk Austmannalaget sin dialektpris for 2019.
- Torill Nedberge Klevmark vart vald som vara til styret i Austmannalaget og deltok på fylkeslaget sitt seminar 9. november i Gausdal.
- Torill Nedberge Klevmark er óg vår representant i Hadeland Litteraturforum.

## Hadeland Litteraturforum

*Hadeland Litteraturforum* vart formelt stifta 23. april 2019. Medlemmer er Foreningen Norden, Gran bibliotek, Randsfjordmuseene avd. Hadeland folkemuseum, Hadeland kirkeakademi og Hadeland dialekt- og mållag.

Forumet fekk tildeling frå Fritt Ord i 2019 med tema *I krigens kjølvann* og har planlagt sesongen 2019-2020. Som vårt bidrag har Torill førebudd foredrag om *Profitørene*, med journalist Ola Karlsen i Gran bibliotek 13. februar i år.

## Dialekttempen AS

Vi er grossist for *Dialekttempen AS* og har avtale med fleire detaljistar i Gran. Diverre manglar vi utsalsstader i Lunner og Jevnaker. Einar Raastad styrer varelageret og er kundekontakt.

## Økonomi

Vi driv forretningsverksemd og kulturformidling på dugnad. Sal av gradestokkar gir oss økonomisk tryggleik til å kunne satse på prosjekt innanfor kulturformidling. I fjor gjennomførde vi prosjekt *Terje Johanssen-dagene, en litteraturfestival på Hadeland* for første gong. Det vart kunstnarisk vellukka, og prosjektrekneskapen vart gjort opp med overskot.

## Medlemssituasjonen

I 2019 vart vi 44 betalande medlemmar, mot 39 i 2018.

30 medlemmar er busett i Gran, 5 i Lunner, 3 i Jevnaker og 6 utanfor Hadeland.

Styret